

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge

Tid/Sted: Tysdag 18.12.18 kl 12.30 – kl 14.30

Tilstede: Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Bård Tore Berntsen, Sverre Tyldum, Olav Håkon Ulfsnes og Roy Albertsen

Forfall:

Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 18.12.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 11. – 12.12</p> <p>Olav Håkon orienterte om endringar i NOVA-prosjektet. Skjer mykje i kjedene. Strategiplan: Mindre fokus på innovasjon og meir på forretningsdrift. Jobbast med industristruktur. Økonomi: Utfordrande, men har tillit hos bankane. Tilbakegang på merkevarene, auka industrisal og EMV er årsaka. Budsjett 2019. Kvitt kjøt som eige resultatområde frå årsskiftet.</p> <p>Utkjøp av purker. Leveringsvilkår: Justert puljetillegg gris.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Har vi avtale med Coop no? Høyrte rykter om leveringsgrad til Trondos frå Nortura på 80%. Kva er årsaka til at vi har ein leveringsgrad på 90 %? Tyldum-ribbe kan seljast til langt høgare pris enn Coop-ribbe. Påstand om at Nortura har misst sal pga av at vi har valgt å tømme eige lager framfor reguleringslager.• Kokk på førjulsmøte i Fosen sør sleit med å få tak i varer pga lenger leveringstid etter endra ekspedisjon på Malvik. Har vi tapt sal pga dette?• Kva endring skjer på organiseringa av kylling?• Kvifor er ikkje sal av kylling tatt inn i resultatområde kvitt kjøt?	Olav Håkon
2	<p>Evaluering av regionutvalsmøtet 06.11</p> <p>Oppsummering av evalueringsskjema var utsendt.</p> <p><u>Innspel/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Fått spm om vi tilset vatn i produkt, ikkje berre i kjøtdeig. <p>Vedtak: AU tek evalueringa av regionutvalsmøtet 06.11 til orientering.</p>	
3	<p>Oppdatering Nortura Steinkjer</p> <p>Sverre orienterte om forseinka levering frå prosjektgruppa som jobbar med utgreiinga. Vert ikkje sak til konsernleiinga i 2018.</p> <p>Olav Håkon: Kapasitetsutfordring på utgreiingsarbeid. Steinkjer skal sjåast i samanheng med andre saker.</p> <p>Lars Morten: Brev til konsernleiinga er sendt frå ordførar og fylkesordførar. Lars Morten jobbar med politiske møter etter nyttår med tema industri i Midt-Norge.</p>	

Ingen innspel/kommentarar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Orientering frå Medlem region Midt

Roy orienterte om reduksjon i marknadsandel på storfe, gris og småfe. På Rennebu/Oppdal tapt 3 000 lam til Slaktehuset. Innfrysing av storfe, mykje skyving. Jamn etterspurnad etter rådgjeving på ammeku, særleg i Nord-Trøndelag. Nokre økonomisaker på storfe.

Utkjøpsordning gris: Nordland/Trøndelag-regionen er straks fullteikna. Småfe: Prioriterer oppfølging av lammeringane, m.a. den vi har tapt i Oppdal/Rennebu.

Inntransport: Nasjonalt prosjekt stort sett ferdig med sin rapport, behandlast på nyåret i konsernleiinga. I det regionale prosjektet møte på nyåret med Lars Morten som eigarrep. Jobbe med reduksjon i km, m.a. ved tilkøyringsbilar.

2019: Stramt budsjett på rådgjeving og anna aktivitet. Tilpassast utgiftene. Ny organisering med fag storfe og fag småfe med Silje som ansvarleg, vert iverksett utpå nyåret.

Spørsmål/kommentarar:

- I Rogalandsregionen er det lågare oppslutning om utkjøpsordning gris.
- Rykter om at større produsent på storfe og gris i Namdal har gått til konkurrent.
 - Roy har hatt kontakt med produsent, og det stemmer ikkje.
- Bekymra for reduksjon i tilførslane.
- Får tilbakemeldingar om at vi er vanskelege å få tak i. Kjem til Medlemssenter Rudshøgda, ikkje den dei er vane å prate med. Misnøye med skyving. Eigarane kjenner usikkerheit i forhold til oppgjer og levering.
- Informasjonen er ikkje god nok, må få fram samanhengar.
- Informasjon må handterast slik at den vert oppfatta. Tilgang på varer i butikk er også viktig. Setjast opp som tema på neste AU-møte.

Brit Kari/
Lars Morten

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 Møteplan 2019

Forslag var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Tlf møte 17. januar flyttast til 21.
- Møtestart årsmøtet er 9. april, dvs AU-møte på føremiddagen 9.
- 27. mai: Let det stå ope om det vert tlf møte eller fysisk møte
- Positive til felles AU-møte med region Nord 27. august.

Vedtak: AU vedtek møteplan 2019.

6 Kretsmøteplan

Brit Kari orienterte om kretsmøteplanen. Fordeling av RU-leiar og nestleiar vart gjort i møtet.

Ingen innspel/kommentarar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 Orientering frå fagutvala

Kolbjørn orienterte frå møte i fagutval egg 5. desember. Prognose viser større overskot. Stor interesse for nyetablering. Omstilling: Få aktørar som vil betale for meirkostnaden. Jordbruksoppgjeret. Dyrevelferdsprogram på verpehøns.

Trude orienterte om tlf møte i fagutval storfe i byrjinga av desember, med fokus på inntransportprogrammet.

Johan Kristian orienterte frå møte i fagutval fjørfe 5. desember. Kjell Rakkenes orienterte i forkant av jordbruksoppgjæret, m.a. om innfrakt. Også mogeleg import knytt til Mercosur-forhandlingane. Låge lager, fulle innsett. Norsk Kylling har andre krav til plukking enn Nortura.

Sverre orienterte frå tlf møte i fagutval gris. Rakkenes deltok, tema var konsesjonsgrense gris. Auka kostnad med køyre- og kviletid. Dyrevelferdsprogrammet.

Bård Tore orienterte frå tlf møte i fagutval småfe 10. desember. Framskunda innmeldingstid og 3-vekers avtalesystem utanom sesong. Innspel Jordbruksforhandlingane.

Spørsmål/kommentarar:

- Var skyving drøfta på møte i fagutval storfe?

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

8 **Eventuelt**

- Innspel vedk nasjonalt medlemssenter frå Sigmund Johansen.
- Roy sendte før møtet ut fylgjande orientering: "Saken er nå sjekket ut. Produsenten har fått god forklaring og råd fra Medlemssenteret. Han melder på et par dyr ekstra, når han melder inn på avtale, og evt. endrer antall før levering. Han har forståelse for at han kan havne andre steder enn Malvik når han ringer Medlemssenteret. Saken er ryddig og godt håndtert fra Ingrid Brenni på medlemssenteret!"
- Innspel frå Sigmund Johansen: Ein storfeleverandør saknar beskjed om skyving av hentetidspunkt på storfe som er meldt inn utan avtale. Greit nok at det må skyvast, men det bør gjevast beskjed når det må skyvast utover innmeldt tidspunkt.
- Svar frå Roy: "I utgangspunktet skal ingen dyr som er innmeldt utenfor avtale skyves, men i noen tilfeller skjer det allikevel. Det har med rasjonell inntransport å kjøre, i de fleste tilfellene. I alle slike tilfeller, SKAL produsenten ringes opp." Fylgjer opp vidare mot produsent.
- Orientering frå julemøter i kretsane:
 - Ragnar deltatt på møte i Fosen sør. Bekymring for Nortura. Inntransport: Ein produsent ynskete meir info via kretstilltsvalde og ikkje frå transportør. Vere meir involverte på lågare nivå i organisasjonen. Kretsleiar bør få informasjon når noko skjer i kretsen sin. Kokk ville gjerne ha tilbake servicenivå som tidlegare, før omlegging av ekspedisjon på Malvik.
 - Lars Morten har vore på to møter i Namdalen i regi av kretsen, og eit møte i regi av sparebanken i Rindalen. Gode møter.
- Lars Morten har fått spm om tilgjengelegheit for Gilde ribbe i Coop frå Jan Arne Skarsvåg. Brit Kari sjekkar nærare.
- I haust vore noko uro rundt skyving av storfe og småfe. Viktig med info om marknadssituasjonen, for å skape forståing for dette.
- Korleis vert det jobba med rekruttering av ny konsernsjef?
 - Svar: Tilsetjingsutval er nedsett og val av rekrutteringsbyrå i gang. Konst konsernsjef og visekonsernsjef jobbar godt i lag.

Brit Kari